

Emnerapport (hausten 2014)

Emnekode og namn: NORMAU650, kull 2011

Faglærer si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Dette studentkullet på ni og som er i det tredje av i alt fire semester på masteroppgåva, har hatt ei obligatorisk samling ved UiB 30. og 31. oktober. Elles i semesteret har dei jobba individuelt og hatt individuell kontakt med rettleiarane sine. Det kom i alt åtte studentar til samlinga. Den niande studenten har permisjon dette semesteret.

Studieinformasjon: Kontakten med heile kullet har, utanom samlinga, føregått på Mi Side.

Faglærer si vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr: Samlinga vart lagd til grupperom H på Sydneshaugen skole. I tillegg fekk me torsdagen også tilgang til nabogrupeerom då me skulle arbeida i smågrupper. Det fungerte heilt fint, men undervisningsrommet, grupperom H, var litt trangt for så mange.

Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)

Metode – gjennomføring: På førehand hadde studentane fått i oppgåve å levera eit tekstutkast på inntil 10 sider på Mi Side. Den første samlingsdagen var sett saman av tre timars gjesteforelesing frå Laila Aase om fagdidaktiske grunnlagsproblem, deretter ei forelesing om generelle tips om det å skriva masteroppgåve og til slutt prosjektutveksling i grupper. Den andre samlingsdagen var sett av til plenumsframlegg der rettleiarar og studentar kom med respons til kvart enkelt prosjekt. Evalueringa av samlinga vart gjort ved at alle fekk utdelt eit ark der dei skulle skriva det dei var nøgde med og det som kunne ha vore betre.

Oppsummering av innspel: Alle studentane er inne på at det er gjevande å høyra å Laila Aase. Ho er ein kapasitet for oss med den lange røynsla si både i praksisfeltet, som lærebokforfattar og forskar. Studentane verka også nøgde med å få ei økt om skrivetips. Gruppediskusjonane fungerte litt ulikt, og berre fem av dei åtte hadde på førehand levert inn ein skriftleg tekst. To av studentane fekk i staden tid saman med rettleiarane sine i denne tida. Fleire dreg farm at det er lærerikt å presentera og få respons i plenum. Det er då ein styrke om også flest mogleg rettleiarar er til stades.

Studentane etterlyste mest å få avsett tid til å snakka med rettleiar individuelt. På denne samlinga var det også uheldig at ikkje alle rettleiarar hadde høve til å vera med.

Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

Neste samling vert den 19. og 20. mars 2015, og det vert den siste for dei som skal klara å levera i mai. Då vert den viktigaste endringa at alle også må få avsett tid til individuell rettleiing.

Bergen, 19.12. 2014

Ragnhild Lie Anderson (emneansvarleg)